

Leiv Eidsnes,
Eidsnesvegen 106,
5913 Eikangervåg.

Eidsnes, 15.11.2018

Lindås kommune,
v/ordføraren,
5914 Isdalstø.

PURRESKRIV PÅ BREV 14.08. 2017

Den 14.08.2017 sende eg eit brev til Lindås kommune v/byggjesaksavdelinga om at gnr. 215, bnr. 34 i Lindås har bygd garasje litt innpå naboeigedomen gnr. 215/2, mm. Garasjen ligg i strandsona og tett inntil fylkesvegen.

Eg har til denne tid ikkje fått reaksjon på brevet. Eg meiner sjøl at eg har vore tålmodig og purra berre ein gong, men det var til inga nytte. Eg sit då att med den kjensla at dersom ein skal venta så lenge på svar, så må ein vera utstyrt med ein ekstra tålmodighetssans. Ein kommune bør vel ha såpass respekt -om ikkje anna enn for seg sjøl - at han har ein rimeleg svarfrist.

All den tid kommunen ikkje på eige initiativ kontrollerer byggjeføretak, vert det meir eller mindre opp til naboar og andre å ta opp forholda. Det minste ein då kan forventa, er at svar. Utan svar er det naturleg å spørja kvifor kommunen let saka verta liggjande tilsynelatande urørd så lenge.

Eg ber om at ordføraren bidreg til ein reaksjon på saka.

Leiv Eidsnes

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
20 NOV 2018	
Ark. saksnr. 17/2449	Tilgangskode
Saksh.	Tilgangskode